



Praksis Arkitekter As
Svein Jarls gate 2
7713 Steinkjer

Vår ref.:
25/1348-6

Dykkar ref.:

Dato:
30.09.2025

Vedtak: Løyve til oppføring av ladestasjon på gbnr. 57/159 i Stryn

Presentasjon:

Saka gjeld etablering av ladestasjon for el-bilar på gbnr. 57/159 i Stryn sentrum.

Tiltakshavar er Tesla Norway AS.

Administrativt vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova (pbl.) § 21-4, jf. § 20-2, vert det på følgjande vilkår gjeve løyve til det omsøkte tiltaket:

1. Ansvarleg søkjar skal gje melding til Stryn kommune v/avdeling plan før arbeid med tiltaket blir sett i gang. Stryn kommune har høve til å føre tilsyn med tiltaket, jf. pbl. § 25-1.
2. Byggjearbeidet skal leiast av ansvarlege føretak i samsvar med framlagde erklæringar om ansvarsrett, jf. plan- og bygningslova kapittel 23 og byggjesaksforskrifta kapittel 12.
3. Når tiltaket er ferdigstilt skal ansvarleg søkjar søke om ferdigattest, eventuelt mellombels bruksløyve, jf. plan- og bygningslova § 21-10.
4. Dersom tiltaket ikkje er igangsett seinast 3 år etter at dette løyvet er gjeve, eller tiltaket blir innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 21-9.
5. Tiltakshavar må dekkje saksbehandlingsgebyr etter kommunalt regulativ. Gebyr for saka er fastsett til kr 5 880 (§ 3-1 grunngebyr og § 3-5-8 vesentlege terrenginnrep), jf. gebyrregulativet for 2025.

Etter forvaltningslova kapittel VI, jf. plan- og bygningslova § 1-9, kan dette vedtaket påklagast til Statsforvaltaren i Vestland. Klaga bør grunngjevast, og den skal sendast til Stryn kommune innan 3 veker etter at melding om vedtak er motteken.

Saksopplysningar:

Saka gjeld søknad om etablering av ladestasjon på gbnr. 57/159 ved Esso stasjonen i Stryn sentrum. Det går fram av søknaden at ladestasjonen omfattar ein frittståande nettstasjon med grunnflate på

om lag 6,5 x 2,5 m og høgde i overkant av 2 m. I tillegg kjem 16 ladeplassar, som kvar inneheld eit ladepunkt med grunnflate på om lag 0,40 x 0,68 m med ei høgde på om lag 2 m.

Vurdering:

Søknadsplikt

Terrenginngrep som ikkje fører til større avvik frå opphavelag terrengnivå er i utgangspunktet unnateke søknadsplikt. Arbeid som omfattar eit større areal, vil ikkje vere omfatta av unntaksregelen, sjølv om dei fastsette grensene for avvik i forhold til opphavelag terrengnivå ikkje er overskride, jf. rettleiing til TEK17 § 4-1 bokstav f nr. 7.

Det er ein generell føresetnad at fyllings- og planeringsarbeidet er mindre, og at det er i samsvar med arealplan. Mindre blir ofte definert som inntil 50 m², jf. [TEK17 § 6-4](#). Arbeid som har eit omfang som i areal som gjer at dei ikkje kan karakteriserast som mindre, vil ikkje vere omfatta sjølv om tiltaket ikkje er større enn dei fastsette grensene for avvik i høve opprinneleg terrengnivå.

Frå situasjonsplanen kjem det fram at det berørte området til saman utgjer ei arealflate på om lag 330 m² og kommunen vurderer difor at tiltaket er søknadspliktig, jf. pbl. § 20-1 første ledd bokstav k, jf. pbl § 20-3.

Ansvarsrettar i tiltaket

Det vert vist til gjennomføringsplanen, datert 28.08.2025, og mottekne erklæringar om ansvarsrett for ansvarsområda i tiltaket. Kommunen godkjenner forslaget om å plassere tiltaket i tiltaksklasse 1, jf. SAK10 § 9-3 andre ledd.

Nabovarsling

Naboar og tverrbuar er varsla om søknaden, jf. pbl. § 21-3. Det har ikkje kome inn merknadar til tiltaket.

Plangrunnlag

I reguleringsplanen for Stryn sentrum vest, frå 14.05.2001, er eigedommen regulert til «bensinstasjon». Frå opplysningane i søknaden, vurderer kommunen at tiltaket er i samsvar med gjeldande plan.

Plassering, høgde og avstand

Vedlagde situasjonsplan syner at fordelarskapet skal plasserast éin meter frå nabogrensa, og utifrå storleik og plassering oppfyller tiltaket vilkåra i pbl. § 29-4 tredje ledd bokstav b.

Naturfare

Delar av tiltaksområdet ligg i aktsemdsområde for kvikkleire. Det ligg føre vurdering av områdestabiliteten etter rettleiing nr. 1/2019. Det går fram av vurderinga at saka gjeld eit K1-tiltak, og områdestabiliteten er vurdert å vere ivareteken. Tryggleikskravet etter regelverket såleis er oppfylt.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at det ligg føre tilstrekkeleg tryggleik mot naturfare, jf. pbl. § 28-1 og TEK17 § 7-3, og kommunen legg dette til grunn. Det vert her føresett at prinsippa for gjennomføring av K1-tiltak i vedlegg 2 til rettleiing nr. 1/2019 frå NVE vert følgde, slik at skråningsstabiliteten ikkje blir forverra av tiltaket.

Aktuelt sakstilfang:

- Søknad om løyve til tiltak i eitt trinn, datert 29.07.2025
- Situasjonsplan, målestokk 1:500, datert 20.06.2024, dagsett 29.07.2025
- Situasjonsskart VA-plan, målestokk 1:500, datert 20.06.2024, dagsett 29.07.2025
- Bekreftelse avtale – Tesla supercharging- Stryn, datert 29.07.2025
- Byggjeteikninger ladestasjon (fasade), utan målestokk, datert 20.06.2024, dagsett 29.07.2025
- Byggjeteikninger nettstasjon (fasade, snitt, plan), målestokk 1:50, datert 20.06.2024, dagsett 29.07.2025
- Følgebrev Tesla Stryn, datert 29.07.2025
- Nabovarsel, datert 29.07.2025
- Svar – byggesøknad for tiltak på eigedom 57/159 – Tonningsgata 2 -Stryn, datert 22.08.2025
- Byggesøknad for tiltak på eiendom 57/159 – Tonningsgata 2 – Stryn – ettersendt ansvarsrett UTF, datert 28.08.2025
- Ansvarserklæring UTF- grunnarbeid og fundamentering, datert 28.08.2025
- Revidert gjennomføringsplan, datert 28.08.2025
- Vedkomande søknad – ladestasjon for el-bilar/nettstasjon på gbnr. 57/159, datert 04.09.2025
- Om byggesøknad for tiltak på eiendom 57/159 – Tonningsgata 2 – Stryn, datert 17.09.2025
- Rapport: områdestabilitet Tonningsgata 2, Stryn, 16.09.2025

Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

- Forvaltningslova (fvl.)
- Plan- og bygningslova (pbl.)
- Byggjesaksforskrifta (SAK10)
- Teknisk forskrift (TEK17)
- Reguleringsplan for Stryn sentrum vest, vedteken 14.05.2001
- Kommunedelplan for Langeset-Stryn-Storesunde, vedteken 16.05.2017

Helsing

Stryn kommune, avdeling plan

Linn-Kristin Nygård
byggesakshandsamar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:

Margunn Teige Sunde
Tesla Norway As

Bekkenstenveien 15

0976

Oslo